

# Årsmelding

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

### 2012



Vonavatnet og Vonagarden

*Foto: Alf Erik Røyrvik*

Verneområdeforvaltar  
Alf Erik Røyrvik

## **1. Generelt**

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og 2012 var derfor tredje året med forvaltning av landskapsvernombordet. I tillegg var 2012 første heile året med lokal forvaltning etter at det første verneområdestyret vart konstituert 13.mai 2011.

I den administrative delen av forvaltninga har hovudfokuset i 2012 lege på konstituering og kompetanseheving for det nye styret som vart oppnemnt etter kommunestyrevalet hausten 2011, og å få den relativt nye modellen med lokal forvaltning til å gå seg til.

Av fysiske tiltak i verneområda har fokus lege på tilrettelegging for friluftsliv og beitebruk. Dette står det meir om seinare i årsmeldinga.

### **Styret**

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet 13.mars.2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

<b>Verv</b>	<b>Namn</b>	<b>Representerer</b>	<b>Vararepresentant</b>
Leiar	Håkon Myrvang	Naustdal kommune	Tone Hjelle Cirotzki
Nestleiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Medlem	Iris Loftheim	Førde kommune	Olve Grotle
Medlem	Oddmund Klakegg	Jølster kommune	Ragnhild Sæle
Medlem	Jorunn Eide Kirketeig	Fylkeskommunen	Olav Klungre

Styret har hatt 7 styremøte i 2012, og handsama til saman 68 saker.

Styret har oppretta arbeidsutval. Det består av Håkon Myrvang, Ola Tarjei Kroken og Oddmund Klakegg. Arbeidsutvalet har fått delegert mynde til å handtere kurante hastesaker som er i tråd med forvaltningsplan og verneforskrift. Gjennom året har arbeidsutvalet hatt 2 telefonmøter og har handsama tre saker.

På styremøte nr 6 i 2012 skifta styret namn til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre. Namneskiftet var både for å forenkle namnet og for å tilpasse seg retningslinjene til Direktoratet for naturforvaltning.

## 2. Saker

Dei konkrete sakene som har blitt jobba mest med er motorferdsel og nokre byggesaker. I tillegg kjem meir administrative styresaker som styret har handsama. Dei fleste motorferdselsakene er det dispensasjonsheimel for i verneforskrifta, og då er det som regel greitt og lite kontroversielt å gje løyve til motorferdsel innanfor visse rammer og vilkår.

Det har og blitt gjevne nokre dispensasjonar etter naturmangfaldlova sin § 48, som er ein generell unntaksparagraf.

### Motorferdsel:

Søkjar	Type dispensasjon	føremål	omfang/mengde	Kor
Bjørn Årdal	motorferdsel - scooter	transport til hytter	inntil 3 turar årleg	Årdalskupa
Øvre Naustdal Utmarslag	motorferdsel - scooter	transport til hytter og vedlikehald av hytter	inntil 10 turar årleg, fordela på 8 grunneigarar	Vonamarka
Førde og Naustdal saujeeigarlag	motorferdsel - scooter	transport av materialar til bru + ved til hytte	4 turar + 6 korte	Vonamarka
Mardal og Fitje sankelag	motorferdsel - scooter	transport av saltstein	ein tur årleg	Jardalen – Svartekari
Ola Arnestad	motorferdsel - båt med motor	transport av byggematerialar	10 turar årleg i 2 år	Langedalsvatnet
Grov og Rygg sameige	motorferdsel på eksisterande veg	transport til og frå naust og vatn	uavgrensa	Traudalen
Norges Geologiske Undersøkelser	motorferdsel - helikopterlandning	landing i samband med overvaking av fjellsida	1 landing	Fjellsida ovanfor Osmundnes
Mardal og Fitje sankelag	motorferdsel - båt med motor	transport i samband med sauesanking	9 turar	Langedalsvatnet
Per Kandal	motorferdsel - helikopterlandning	Transport av ved mm. til sankehytte	1 landing	Kandal

Det var ikkje alle tiltakshavarane som nytta alle turane dei fekk løyve til. Verneområdeforvaltninga har inntrykk av at det fungerte greitt med dei løyva som er gjevne, og at dei som har hatt relevante behov for motorferdsel, har fått dei løyva dei har hatt behov for.

Det dukka opp eit utfordrande tilfelle med bruken av vegane i Traudalen. Både i Traudalen og eit par andre stader er det vegar kor siste del av vegen er innanfor grensa til landskapsvernombretet. I Traudalen vart det gjeven ein dispensasjon til bruk av vegen på visse vilkår, slik at grunneigarar og brukarar kan transportere utstyr, båter med meir inn til vatnet og nausta.

### Byggesaker:

- Ola Arnestad fekk løyve til å utvide uthus ved hytte i Langedalen.
- Kjell Arnestad fekk løyve til å utvide hytte i Langedalen. Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen og saka er sendt vidare til Miljøverndepartementet for klagehandsaming.

#### Andre saker:

Styret og forvaltar har hatt møte med Sogn og Fjordane Energi og blitt informert om deira planar for kraftutbygging i Gjengedalsvassdraget. Planane er tilpassa verneforskrifta sine reglar for dette, men det er likevel viktig at styre og forvaltning er følgjer tett med på prosjektet og representerer verneverdiane til landskapsvernområdet.

Det har vore jobba ein del med forvaltningsplanen for området i 2012. Den ligg no hos Direktoratet for naturforvaltning for fagleg godkjenning før den skal på høyring. Både grunneigarar og kommunar har etterlyst denne, og signala drå DN er at den skal vere klar for høyring i løpet av vinteren/våren 2013.

### 3. Rekneskap

2012 har vore eit «innkøyningsår», då det er det første heile året både for Naustdal-Gjengedal verneområdestyre, for Forvaltningsknutepunkt Sandane og første heile året Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for verneområde-/nasjonalparkstyre. Ein hadde derfor ikkje erfaringstal å bygge på når det gjaldt kor mykje ordninga og forvaltninga ville koste.

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

2012	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Lønn + Overhead og sosiale utg	kr 580 000	kr 603 210	kr 290 000	kr 301 605	kr 290 000	kr 301 605
Drift forvaltar og knutepunkt	kr 100 000	kr 166 843	kr 50 000	kr 83 422	kr 50 000	kr 83 422
Drift styre	kr 270 000	kr 107 070	kr 160 000	kr 69 228	kr 110 000	kr 37 842
Tiltaksmidlar	kr 180 000	kr 180 000	kr 100 000	kr 100 000	kr 80 000	kr 80 000
Bestillingsdialog	kr 650 000	kr 546 859	kr 500 000	kr 475 598	kr 150 000	kr 71 261
Planarbeid	kr 152 000	kr 0	kr 85 000	kr 0	kr 67 000	kr 0
<b>Tot</b>	<b>kr 1 932 000</b>	<b>kr 1 603 982</b>	<b>kr 1 185 000</b>	<b>kr 1 029 853</b>	<b>kr 747 000</b>	<b>kr 574 129</b>

Som ein kan sjå ut av tabellen, har kostnadane til forvaltningsknutepunkt og forvaltar vore større enn kva ein trudde på førehand. Dette skuldast mellom anna at ein del investeringskostnadar frå 2011 først vart belasta på 2012, og at reiseverksemda i samband med kurs, seminar, møter etc. vart større enn venta.

Vidare kan ein sjå at kostnadar til drift av styret har vore mindre enn budsjettet. Det er fleire årsaker til dette; ikkje alle styremedlemmer krev møtegodtgjerdslle for alle møta, tidsbruken for kvart møte er litt mindre enn venta, her har vore noko fråfall til møta og det har vore mindre kostnadar til møterom og mat enn budsjettet.

Det har ikkje vore utgifter til planarbeid i 2012. Dette er fordi prosessen med forvaltningsplan er forseinka. Forvaltningsplanen skal ut på høyring i løpet av 2013.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Dei tiltaka som verneområdestyret har prioritert å bruke dei tilgjengelege midlane på i år er for det meste tilrettelegging for friluftsliv og beitebruk. I tillegg er det brukt noko midlar til uttak av framande artar, hogst av gran i og rundt landskapsvernområdet.

### Bruk av midlar i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde 2012

Bestillingsdialog			
Tiltak	Tiltakshavar	Sum	Merknad
Bru ved Nesstølen	Naustdal og Førde Saueeigarlag	45 000	
Innkjøp av jernhest	vo-styret / SNO	28 660	eig i lag med andre
Trekloppar i Langedalen	vo-styret/Bygdeservice	115 013	
Bruer ved Storevatnet	Gjengedal beitelag	5 375	vert gjennomført i 2013
Parkeringsplass Fitjedalen	Fitje og Mardal Beitelag	65 000	
Reparere bru Årdalskupa	Legehagen og Årdalskupa beitelag	16 550	vert gjennomført i 2013
Stitiltak ved Stegsvatnet	vo-styret	100 000	vert gjennomført i 2013
Uttak av gran i Vonamarka	vo-styret / grunneigarar på Vona	100 000	vert gjennomført i 2013
<b>Totalt</b>		<b>475 598</b>	

  

Tiltaksmidlar			
Tiltak	Tiltakshavar	Sum	Merknad
Reparere Myklangsstøylsvegen	Myklandsstøylsvegen (sameige)	20 000	reperasjon etter Dagmar
Fiskekultiveringsprosjekt	Øvre Naustdal Utmarkslag	37 500	
Lage informasjonsfilm om verneområdet	Mo og Jølster vgs, medialinja	42 500	
<b>Totalt</b>		<b>100 000</b>	

Enkelte tiltak fekk tildelt midlar i 2012, men vert av ulike årsaker ikkje gjennomført før i 2013. Dette gjeld særleg tiltak som berre kan gjennomførast på barmark, som bygging og vedlikehald av bruer og utbetring av stiar.

Av anna aktivitet kan vi nemne at Jordskifteretten i Nordfjord gjennomførte grensemerking rundt Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde hausten 2012. I tillegg har dei fleste mest brukte stiane og vegar inn i verneområdet blitt merka med «løveskilt» som skal informere om at ein no er på veg inn i eit landskapsvernområde (sjå bilete seinare).

## **5. Fagleg Rådgjevande utval**

Fagleg Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart konstituert på møte 16.april 2012. Utvalet er samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser og skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet har hatt to møter i 2012. Utvalet har kome med innspel til styret, både generelle og i enkeltsaker.

Fagleg Rådgjevande utval er samansett slik:

Nils Magne Gjengedal (leiar)	grunneigar Hyen
Ole Gimmestad	grunneigar Sandane
Olav Svoen	grunneigar Naustdal
Lars Indrebø	grunneigar Førde
Ole B. Årdal	grunneigar Jølster
Kjell O. Hjellbrekke (nestleiar)	Sogn og Fjordane Turlag
Erik Solheim	Naturvern forbundet S&F
Tore Humstad	Nordfjord Folkehøgskule
Inger Elin Nes Hjelle	Reisemål Stryn & Nordfjord
Julie Sotnak Aaland	Sunnfjord Næringsutvikling
Malvin Barlund	Førdefjella Villreinutval

## **6. Forvaltar**

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga i heile 2012. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han er samlokalisert med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombordet.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og u dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2012:

- 2.-3. feb: Reiselivskonferanse i Loen.
- 29. feb – 1.mars: Samling for nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar på Gardermoen, ePhorte og nettside
- 12.-13. mars: Kompetanseprogram Balestrand
- 23.-25. april: Samling for nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar Jevnaker
- 22.-24. mai: Vernefagsamling Langesund
- 31.8: Nasjonalparkkonferanse Otta
- 9.-10. okt.: Lokal samling med forvaltarar, SNO og tjenestekjøp, Loen.
- 13.-15. nov: Forvaltarsamling Røros.

### Møteverksemnd

I tillegg har forvaltaren vore på ein del møter. Forvaltaren er tilsett i Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og er derfor på ein del interne møter i fylkesmannsembetet.

Av eksterne som forvaltaren har vore i møte med kan ein nemne:

- Verdiskapingsprogrammet i Naustdal-Gjengedal lvo (forvaltar sit i referansegruppe)
- Sogn og Fjordane Energi
- Sogn og Fjordane Røde Kors
- Mo og Jølster vgs
- Grunneigarar og grunneigarlag

### **7. Bilete frå 2012**



SNO og forvaltar på tur i Gjengedalsmarka 23.mars for å sjå etter rovdyrspor og villrein.



SNO og forvaltar på synfaring ved Stegsvatnet i Jølster 3. juli. Her skulle etter planen stien utbetraast langs vatnet ved hjelp av Sherpa, men tiltaket vart utsett til 2013. Stien ligg under snøfonna langs vatnet. Mykje snø i fjellet gjorde denne typen tiltak vanskelege i 2012.



I løpet av 2012 vart det satt opp slike «løveskilt» ved dei viktigaste stiane som går inn i landskapsvernområdet. Dette skiltet vart sett opp mellom Aastøylen og Gjengedalsskaret 12. juli. Det var Bygdeservice AS som satt opp skilta på oppdrag for SNO.



Naustdal-Gjengedal verneområdestyre med fleire investerte i 2012 i ein jernhest. Dette er eit godt reiskap å ha tilgjengeleg til skånsam transport av utstyr og materialar på barmark.



Hausten 2012 vart det lagt om lag 300 meter med trekloppar i Langedalen i Gloppen. Dette er ein av dei vanlegaste innfallsportane til Naustdal-Gjengedal lvo, og støylssti inn til Arnestadstøylen og Fitjestøylen. Trekloppane vart produsert og lagt ut av Bygdeservice AS.



Grunneigarane på Fitje fekk midlar over bestillingsdialogen til å bygge parkeringsplass inst i Fitjedalen. Denne stod ferdig hausten 2012 og har plass til 8-10 personbilar.